



Ti-arn Cafè er godt i gjenge, og den har vorte eit populært innslag i bygdebildet. Besøket har vore bra sjølv om det har variert frå dei heilt store til dagar med nedi 15 besøkjande. For mange er cafèen blitt den samlingsstaden som ein håpa på, då tiltaket starta opp.

Dei som står bak tiltaket opplever dei litt eldre som svært flinke brukarar, - dei kjem att frå gang til gang. Drivarane har og registrert at nokre yngre besøkjande har vore litt usikre på om dette er ein eldrecafé. Derfor vil dei presisera at dette er ein møteplass for alle aldersgrupper. Det skal vera ein plass der unge og eldre kan møtast og kosa seg. Ja, og ønskjer dei å kjøpa noko å kosa seg med, så kostar det altså ein tiar.

Opningstida er framleis tysdagar frå kl.11-15 på dette gode tiltaket som fortener godt frammøte.

Av: Thor Inge Døssland.